



Vassverksleiar Hans Reidar Kjærland

Under det opne møtet i Uskedal Utvikling om utbygginga av Tverrelva kraftverk onsdag, var det fleire som spurde om mulighetene for å nytta vatnet frå ei eller fleire vassårer dei treffe på inne i fjellet under boring, til drikkevasskjelde. Dette var sjølvstilt ikkje noko SKL sine folk kunne svara på, men vassverksleiar Hans Reidar Kjærland var til stades på møtet, og kunne gje informasjon.

Det er for tidleg til at han kunne sei at dette kunne løysa problematikken når det galt drikkevatt her i bygda, men han karakteriserte det som svært interessant. Han fortalde at han hadde vorte kontakta av grunneigar Arne Johs. Haugland då dei oppdaga at dei hadde truffe vassårer godt inne i fjellet under boring. Haugland er svært positiv til å overlate dette vatnet til Uskedal vassverk og drikkevatt til bygda. Kjærland kunne fortelja at vassprøvar som vart tekne, var av ein svært god kvalitet. Vassmengda er anslått til å vera større enn dagens forbruk i bygda på 7 liter/sek. Anslaget på Haugland er 10 liter/sek. Haugland må sjølvstilt få vatn til sine bruk og husstandar som før. Forbruket på Haugland har vassverket berekna til 2-3 % av dei totale vassmengdene på 10 liter /sek., i fylgje Kjærland.

-Så store mengder av slik kvalitet finn vi ikkje andre stader i Uskedalen, og vassverket har eit sterkt ønskje om å få til noko. For å vera heilt sikker på mengde og kvalitet må ein ta prøvar og målingar over minst eit år, sa Kjærland, og sa vidare at ei utnytting og utbygging er gunstig også med tanke på kostnader. Kvaliteten på vatnet er nemleg så god at ein vil spara både på byggjing og drift av reinseanlegg. Berre byggjeinnsparinga utgjer 2-3 millionar. I tillegg vil utbyggjar av Øvre Halsabrotet unngå å måtta byggja eit eige høgdebasseng for brannvassdekning. Her ligg og kostnadane i størrelse 2-3 millionar.

- Dette er ein kjempemulighet med ei trygg og god vasskjelde heilt uavhengig av ver og vind. Dette kan sikra nok vatn i Uskedalen i alle fall dei næraste 50 åra, så det er klart Uskedal vassverk må arbeida med dette, sa vassverksleiar, og det var tydeleg at møtedeltakarane var av same meining. Dette kan verta ein svært betydningsfull bieffekt av kraftutbygginga på Haugland/Kjærland.

Førebels er det ikkje avklara kva resultatet vert. Det er også ein annan grunneigar inne i bildet då det ser ut for at denne eller desse vassårene ligg på fleire grunneigarar. Han skal vera lite villig til å overlata vatnet til vassverket, noko vi i Uskedal Vassverk synest er underlig. I staden for at vatnet skal renna rett på elva kan det no gje ekstra inntekter til dei grunneigarane det gjeld og bli til stor nytte for bygda i tillegg, avsluttar vassverksleiaren.

Vassforsyninga i bygda vil verta tema på eit møte i Uskedal Utvikling til våren.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland